

# GEBYRREGULATIV 2020 – Arealbruk

**Gebyrregulativ og satsar for tekniske tenester som plansak, utslepp, byggjesak/eigedomsdeling, oppmåling/karttenester, eigedomsseksjonering, kaileige og akvakultur**

**Gebyra er heimla i plan- og bygningslova av 27.06.2008 nr.71 §33-1, lov om eigedomsregistrering 17.06.05 nr.101 §32 (matrikkellova), lov om eigarseksjonar av 23.05.1997 nr.31 §7, lov om vern mot forureiningar og om avfall av 01.10.1983 nr.6 §52a (forureiningslova), lov om akvakultur 01.01.06 §26 og hamne- og farvasslova §25.**

**Føresegn vedtatt av Bømlo kommunestyre 09.12.2019, sak PS 116/19**

**Gjeldande frå 01.01.2020**

## Innhald

KAP	INNHALD	SIDE
<b>1</b>	<b>Generelle reglar for gebyrsaker</b>	Side 3
	<b>1.1 Betalingsplikt</b>	«
	1.2 Grunnbeløp for tenestene	«
	1.3 Tidsfristar, utrekning- og betalingstidspunkt	«
	1.3.1 Tidspunkt for gebyrfastsetting	«
	1.3.2 Tidspunkt for utsending av faktura	Side 4
	1.3.3 Tidsfrist for sakshandsaming	«
	1.4 Avbrote arbeid, trekt sak	«
	1.5 Reduksjon av gebyr	«
	1.5.1 Vedtatt gebyrregulativ og klage	«
	1.5.2 Urimeleg gebyr	«
	1.5.3 Søknad om redusert gebyr og klagehøve	«
	1.5.4 Tilhøve som kan redusere byggesaksgebyret	Side 5
	1.6 Udekka krav	«
	1.7 Gebyr etter medgått tid	«
	1.8 Gebyr ved avslag på søknad	«
	1.9 Gebyr for oppfølging av ulovlege tilhøve/avvik	«
	1.10 Lovbrottsgebyr	«
<b>2</b>	<b>Gebyr for plansaker</b>	Side 6
	2.1 Reguleringsplan/ending av reg.plan	«
	2.2 Mindre ending av reguleringsplan	«
	2.3 Anna	«
	2.4 Oppdrettssaker/akvakultur	«
<b>3</b>	<b>Gebyr for byggjesaker</b>	Side 7
	3.1 Utrekningsgrunnlag	«
	3.2 Tiltak u/ansvarsrett, pbl§20-2: Nybygg, tilbygg mm	«
	3.3 Tiltak m/ansvarsrett, pbl§20-1: Nybygg, tilbygg mm	«
	3.4 Ending på eksisterande byggverk inkl. bruksending	Side 8
	3.5 Skilt og reklame	«
	3.6 Kai, flytebyggje og molo	«
	3.7 Andre konstruksjonar og anlegg, terrenginngrep	«
	3.8 Riving	Side 9
	3.9 Tilleggsgebyr, avslag og særskilte utrekningsreglar	«
<b>4</b>	<b>Gebyr for delesaker (oppretting av grunneigedom mm)</b>	Side 10
<b>5</b>	<b>Dispensasjonar, jmfør pbl kap.19</b>	«
<b>6</b>	<b>Gebyr for utsleppsløyve</b>	«
<b>7</b>	<b>Gebyr for eigedomsmåling og eigarseksjonering</b>	Side 11
	7.1 Oppretting av matrikkeleining	«
	7.2 Arealoverføring	«
	7.3 Grensejustering	Side 12
	7.4 Klarlegging	«
	7.5 Privat grenseavtale	Side 13
	7.6 Endringar i grunnlaget for matrikkelføring	«
	7.7 Utskriving av matrikkelbrev	«
	7.8 Samanslåing	«
	7.9 Eigarseksjonering	«
	7.10 Kjøp av kart	«
	7.11 Kjøp av plan-, bygnings- og eigedomsinformasjon	«
<b>8</b>	<b>8.1 Leigesatsar kommunale kaianlegg</b>	Side 14

## **KAP.1 GENERELLE FØRESEGNER FOR GEBYRSAKER**

### **1.1 Betalingsplikt mv.**

Den som får utført teneste etter dette regulativ, skal betale gebyr. Gebyrkravet vert retta mot tiltakshavar eller den som har bede om å få utført aktuell teneste. Vi forhold oss til ein tiltakshavar/forslagstillar/rekvirent og sender ein faktura. Ved fleire tiltakshavarar/forslagstillarar/rekvirentar reknast desse som solidarisk ansvarleg for gebyret. Ved oppfølging av lovbrøt og avvik vert gebyret retta mot den ansvarlege for lovbrøtet/avviket.

Det fastsette gebyret skal betalast uavhengig av seinare endring, t.d. ved endring etter klage på vedtak eller eventuell søknad om redusert gebyr eller ved klage på gebyr. Dersom ein kunde har betalt for mykje gebyr, skal kommunen så snart tilhøvet er klarlagt, betale attende for mykje betalt gebyr. Det kan ikkje krevjast rentetillegg ved for mykje betalt gebyr.

I tillegg til gebyr krev arealbruk inn tinglysingsgebyr og ev.t. dokumentavgift der kommunen må forskottere dette overfor tinglysinga. Dersom det viser seg at gebyrregulativet har utilsikta verknader kan kommunestyret vedta nytt regulativ med ny verknadsdato.

Det skal ikkje reknast meirverdiavgift ved innbetaling av gebyr. (Skattedirektøren sitt rundskriv av 6. mars 1970 til skatteinspektørane). Prisar/timesats for andre tenester vert ilagt mva slik det framgår av prislista.

### **1.2 Grunnbeløp for sakstypane**

Dei einskilde tenestene har ulike grunnbeløp som vil bli justert i samband med årlege budsjett og vurdering av regulativet. Gebyrsatsane har deretter ulike faktorar som gjev grunnlag for endeleg pris. Desse framgår av tabellane i regulativet.

- Gebyrsats for plansak (P) vert fastsett til kr.7690,-
- Gebyrsats for byggjesak/deling (B) vert fastsett til kr.2770,-
- Gebyrsats for oppmåling/grensejustering (G) vert fastsett til kr.3485,-
- Gebyrsats for utslepp (U) vert fastsett til kr.2720,-

Kommunen kan engasjere sakkyndig hjelp for spesifiserte utgreiings-, tilsyns- eller kontrolloppgåver. Til dekking av utgiftene kan det krevjast gebyr tilsvarande medgjevne utgifter. I saker der det i samband med tilsyn vert oppdaga vesentleg feil eller manglar kan tiltakshavar krevjast gebyr for dekking av desse ekstrakostnadane knytt til tilsynet, jamfør pbl. § 25-2 2.ledd. Storleiken på gebyret er avhengig av feil og manglar som vert avdekkja og omfang av kommunen sitt etterfølgjande arbeide, men avgrensa oppover til 12B (grunnbeløp byggjesak).

### **1.3 Utrekning- og betalingstidspunkt, tidsfristar**

#### **1.3.1 Tidspunkt for gebyrfastsetting og gebyrutsending**

Gebyret reknast ut etter dei satsane som gjeld på det tidspunkt fullstendig søknad, endringssøknad, rekvisisjon av oppmålingsforretning eller fullstendig planforslag eller forslag til planprogram, ifølgje føresegn om konsekvensutgreiing vert motteken/poststempla av kommunen og denne i tillegg er tilstrekkeleg dokumentert.

**Plangebyr** vert rekna frå den dato komplett søknad om førstegongs handsaming av planforslaget vert fremja til kommunen.

Dersom ei oppmåling krev løyve etter plan- og bygningslova §20-1, skal **oppmålingsgebyr** utreknast etter satsane som gjeld ved løyvedato. Oppmålingsgebyret gjeld også dersom andre enn oppmålingsmakta i kommunen er styrar.

### 1.3.2 Tidspunkt for utsending av faktura

For alle tenesteområda vert det fakturert gebyr straks vedtak er fatta eller straks etter tenesta er utført. Ved klage på vedtak vert ikkje betalingsfristen utsatt.

I plansaker som vert avslutta før fullstendig planforslag ligg føre eller før offentlig ettersyn, vert faktura sendt når saka vert avslutta. Eventuell restbetaling eller tilbakebetaling vert avrekna etter at vedtaket er sendt ut.

I saker om utsatt oppmålingsforretning faktureras heile gebyret når løyve ligg føre.

### 1.3.3 Tidsfristar

Innførte tidsfristar i **plan- byggje- og delingsbehandlinga** vert rekna frå den dato søknaden er komplett og tilstrekkeleg dokumentert.

## 1.4 Avbrote arbeid eller trekt/avvist søknad

Dersom søker/forslagstillar/tiltakshavar/revirent ynskjer å trekkje saka før den er handsama ferdig, vert det fakturert gebyr ut frå kor langt i prosessen saka er komen:

1.4.1	For plan-/byggje/delesøknader som vert trekt eller avvist <b>før</b> gebyrpliktig arbeid /sakshandsaming vert det fakturert 10% av ordinært saksgebyr og minimum kr.1B. (min kr.2770,-)
1.4.2	For byggje/delesøknader som vert returnert utan handsaming og etterspurd dokumentasjon i mangelbrev ikkje er motteke innan nærare fastsett frist vert det fakturert 20% av ordinært saksgebyr og minimum kr.1.2B. (min kr.3324,-)
1.4.3	Ved trekt plan-,byggje-/delesøknad <b>etter</b> at gebyrpliktig arbeid er sett i gong, dvs. sendt på uttale til råka partar, sendt for handsaming etter andre særlover o.l., vert å betala eit minimum på 40 % av ordinært saksgebyr for sakstypen.
1.4.4	Når ei oppmålingssak vert trekt før ho er fullført, må avvisast, ikkje lar seg matrikkelføra på grunn av endra heimelstilhøve eller av andre grunnar ikkje kan fullførast, vert arbeidet som er utført fakturert etter medgått tid, minimum 2 timar, sjå pkt.1.7.

## 1.5 Reduksjon av gebyr og klage

### 1.5.1 Vedtatt gebyrregulativ og klage

Det er ikkje høve til å klage på kommunestyret sitt vedteke gebyrregulativ eller vedtekne satsar der gebyret er heimla i plan- og bygningslova §33-1.

### 1.5.2 Urimeleg gebyr

Dersom gebyret openbart er urimeleg i høve til det arbeid og dei kostnader kommunen har hatt med saka, eller sjåast på som openbart urimeleg av andre grunnar, kan rådmannen eller den han/ho har gjeve fullmakt etter eiga vurdering eller etter skriftleg søknad fastsetje anna gebyr enn det som går fram av regulativet. Søknad om nedsetting av gebyr medfører ikkje utsatt betalingsfrist. Føresegnene i pkt.1.6 om forskots-betaling gjeld tilsvarende.

Gebyr etter eigarseksjonslova kan ikkje setjast ned.

### 1.5.3 Søknad om redusert gebyr og klagerett

Når kommunen har utvist skjøn ved fastsettinga av t.d. tidsbruk, areal osv. er det gjort eit enkeltvedtak som kan klagast på etter reglane i forvaltningslova.

Det er høve til å søkje om nedsetting av gebyr under tilvising til regulativet pkt. 1.5.2 og 1.5.4. Kommunen si avgjerd på søknad om redusert gebyr etter gebyrsatsane, medgått tid og/eller medgåtte utgifter eller fråfall av gebyr er eit enkeltvedtak, som kan klagast på til Fylkesmannen Vestland (for saker etter plan- og bygningslova eller matrikkellova).

Gebyr som er heimla i Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jamfør matrikkellova §46, 1.ledd bokstav k).

#### **1.5.4 Tilhøve som kan redusere byggjesaksgebyret**

Dersom det ligg føre særleg grunn kan det søkjast om redusert gebyr. Personlege/sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn. Dersom eit skjønnsfastsett gebyr vert vurdert som opplagt urimeleg i høve til sjølvkostprinsippet og dei kostnadane kommunen har hatt med saka, eller vert vurdert som urimeleg av andre grunnar, kan rådmannen fastsetja passende gebyr.

#### **1.6 Udekka krav**

Kommunen kan setje som vilkår før løyve vert gjeve at handsamingsgebyr i saka er innbetalt. Dersom kommunen har eit forfalle ubetalt handsamingsgebyr overfor tiltakshavar /søklar kan kommunen krevje at desse gebyra vert innbetalt før same aktør får vidare vedtakshandsaming i saka eller ny sak vert vedtakshandsama.

#### **1.7 Gebyr for anna arbeid etter medgått tid**

For oppmåling, stikningsarbeid og kontorarbeid som ikkje kjem inn under dei fastsette satsar eller der arbeidet krev unormalt lang tid p.g.a. ekstra kontroll o.l., kan kommunen rekna gebyret etter medgått tid etter timesats.

Sats: kr.1160,- pr time

Ved oppmålingsarbeid som ikkje kjem inn under matrikkellova vert det lagt til meirverdiavgift på gjeldande timesats.

#### **1.8 Avslag på søknad**

Gebyr for avslag på søknad om dispensasjon, byggje-, dele-, utsleppsak må betalast sjølv om vedtaket etter klage skulle verta endra. Ved omgjering av vedtak kjem ordinært sakshandsamingsgebyr i tillegg. Ved avslag på søknad om dispensasjon, jamfør pbl kap.19, skal det betalast fullt dispensasjonsgebyr i tillegg til avslagsgebyret.

Gebyr for avslag er på 1.8B

#### **1.9 Gebyr for oppfølging av ulovlege tilhøve og avvik**

For oppfølging av ulovlege tilhøve eller andre avvik i medhald av plan- og bygningslova kap. 32 skal det, for eventuelt meirarbeid utover gebyr etter satsane i dette regulativet betalast gebyr etter medgått tid.

#### **1.10 Lovbrotsgеbyr**

Plan- og bygningslova gir i §32-8 heimel for å krevje lovbrotsgеbyr (eit straffeliknande gebyr) på inntil kr.400.000,- til ansvarleg for brot på plan- og bygningslova. Reaksjonen skal ha preventiv effekt på lovbrytaren og ålmenta med tanke på å unngå brot på plan- og bygningslovgevinga i framtida. Utmåling av lovbrotsgеbyret skal utmålalt i samsvar med byggesaksforskrifta kap.16.

## **KAP 2.0 PLANSAKER**

Gebyret for oppstart av planarbeid og behandling av reguleringsplanar vert rekna etter planforslaget sitt grunnareal ( omsøkt planavgrensing). Sjølv om areala vert redusert ved den politiske handsaminga vert ikkje gebyret endra.

Der planmynde etter eiga vurdering krev utvida planavgrensing, over 10 daa, vert gebyr rekna som punkt. 2.1.3.

**Grunnbeløp P=kr.7690,-**

### **2.1 Reguleringsplan/ending av reguleringsplan**

Pkt.	Teneste	Omfang	Pris
2.1.1	Søknad om oppstart av reguleringsplan/prinsippøknad		2P
2.1.2	For framlegg til reguleringsplanar og ending av slike skal det betalast eit handsamingsgebyr. Gebyret skal vera betalt før saka vert lagt fram for 1.gongshandsaming i areal og samferdsel. Der planframlegget er særleg krevjande å sakshandsame/ krev fleire gongar sakshandsaming eller utlegg til off. ettersyn, kan det krevjast gebyrbetaling etter medgått tid, jamfør pkt.1.7		2.1P
2.1.3	Handsaming av reguleringsplan	>9999 m <sup>2</sup>	7.5P
2.1.4	Handsaming av reguleringsplan	<10000 m <sup>2</sup>	15P
	Gebyr etter pkt.2.1.1 vert sendt ut når søknaden er handsama i Utval for plansaker. Arealgebyret etter pkt.2.1.3 og 2.1.4 skal vera betalt før planframlegget vert lagt fram for 2. gangs handsaming i utval for plansaker.		

### **2.2 Mindre ending av reguleringsplan**

2.2.1	Mindre reguleringsending handsama politisk		3.2 P
2.2.2	Oppstartsmøte mindre ending i reg.plan og føresegner, pbl §12-14, 2.ledd		1P

### **2.3 Anna/tilleggsgebyr**

2.3.1	Handsaming av planprogram og konsekvensutgreiing		3P
2.3.2	Tilleggs møte pr. møte utover oppstartsmøte/prinsippavklaringsmøte		0,5P
2.3.3	Melding til forslagsstillar om omfattande mangler ved innlevert planframlegg		1P
2.3.4	Teknisk tilpassing av planforslag og reguleringsendingar		Etter medgått tid, sjå pkt.1.7

### **2.4 Oppdrettssaker**

2.4.1	Klarering av lokalitet (arbeid/kostnad m/annonsering, off. kunngjering, jamfør forskrift om løyve til akvakultur for laks mm, 22.12.2004)		4.5P
2.4.2	Dispensasjon frå arealplan, jamfør pbl §19-2 (som pkt.5.1 i regulativet)		5B

### **KAP 3. BYGGJESAKER**

Av byggjesaksgebyret skal om lag 10 % dekke kostnadane med ordinært tilsyn jamfør pbl §33-1. Det kan i tillegg krevjast tilleggsgebyr for oppfølging av avvik og ulovlege tilhøve som vert avdekka i samband med tilsyn, sjå pkt.1.9.

#### **Grunnbeløp 1B=kr.2770,-**

#### **3.1 Utrekningsgrunnlag**

Dersom gebyrutrekninga er avhengig av tiltaket sin storleik, vert det lagt til grunn bruksareal, BRA, i samsvar med NS 3940, avrunda nedover til næraste m<sup>2</sup>. Arealet vert rekna som summen av bruksareal av alle etasjar. Dersom tiltaket ikkje har noko bruksareal, vert bebygd areal (BYA) lagt til grunn for arealutrekninga.

Der det vert søkt om fleire ulike tiltak i same søknad vert det kravd gebyr for kvart enkelt byggjetiltak i søknaden, t.d. bustad og garasje, fritidsbygg og flytebyggje. I tillegg til byggegebyr reknast gebyr for andre tenester som er knytt til søknaden, slik det går fram av dette gebyret.

I tillegg til sjølve handsamingsgebyret kjem gebyr for ev.t. dispensasjonar, gebyr for godkjenning av ansvarsrett og for avviksbehandling ved gjennomføring av tilsyn.

#### **3.2 Tiltak som kan gjennomførast utan ansvarsrett, Pbl §20-2b (næringskode A og X)**

kode	Nybygg, tilbygg	Gebyr
3.2.1	Bygningsmessige tiltak 0-15 m <sup>2</sup> (nybygg, tilbygg, påbygg)	1.4B
3.2.2	Bygningsmessige tiltak 16-30 m <sup>2</sup> (nybygg, tilbygg, påbygg)	2.2B
3.2.3	Bygningsmessige tiltak 31-50 m <sup>2</sup> (nybygg, tilbygg, påbygg)	2.9B
3.2.4	Bygningsmessige tiltak 51-70 m <sup>2</sup> (nybygg, tilbygg, påbygg)	3.7B
3.2.8	Driftsbygning i landbruket 0-500 m <sup>2</sup> (nybygg, tilbygg, påbygg)	3,5B
3.2.9	Driftsbygning i landbruket 501-1000 m <sup>2</sup> (nybygg, tilbygg, påbygg)	5B
3.2.10	Driftsbygning i landbruket >1001 m <sup>2</sup> (nybygg, tilbygg, påbygg)	Som pkt. 3.3.16-3.3.17

#### **3.3 Tiltak med krav om ansvarsrett: nybygg, tilbygg, påbygg og underbygg (BRA), Pbl §20-2a. (næringskode A og X)**

Kode	Garasje, uthus, naust, tilbygg/ påbygg/underbygg til bustad/fritidsføremål	Gebyr
3.3.1	0-15 m <sup>2</sup>	1.4B
3.3.2	16-30 m <sup>2</sup>	2.2B
3.3.3	31-50 m <sup>2</sup>	2.9B
3.3.4	51-70 m <sup>2</sup>	3.7B
3.3.5	71-100 m <sup>2</sup>	6B
3.3.6	Over 100 m <sup>2</sup>	Som næring pkt.3.3.12-3.3.17
For.3.3.1-3.3.6: Ved byggjemelding av identiske bygg i same søknad, arealplan og i same arealføremål vert gebyret redusert med 50 % f.om. bygning nr.2.		
Kode	Nybygg bustad/fritidsbustad	Gebyr
3.3.7	Einebustad/Fritidsbustad	7.8B
3.3.8	Hybel/leilegheit <60 m <sup>2</sup>	2.2B
3.3.9	Hybel/leilegheit >60 m <sup>2</sup>	2.9B
3.3.10	Tomannsbustad	13B
3.3.11	Ytterlegare pr. eining i fleirmannsbustad i tillegg til pkt.3.3.10.	3B
For 3.3.7-3.3.11: Ved byggjemelding av identiske bygg i same søknad, arealplan og i same arealføremål vert gebyret redusert med 50% f.o.m. bygning nr.2		

**Næringsgruppe B-U**

Kode	Nybygg næringsbygg, institusjonar, off. bygg, tilbygg/påbygg/underbygg	Gebyr
3.3.12	0-150 m <sup>2</sup>	7.3B
3.3.13	151-300 m <sup>2</sup>	11.2B
3.3.14	301-500 m <sup>2</sup>	14.9B
3.3.15	501-800 m <sup>2</sup>	18.5B
3.3.16	801-2000 m <sup>2</sup>	22.1B
3.3.17	>2000 m <sup>2</sup> eit tillegg til pkt. for kvar påbyrja 200 m <sup>2</sup>	1.2B
For institusjonar med eigen bueining vert det rekna fellesareal som næringsbygg og bueining som bustad.		
For stativhallar, overtrykkshallar, skur og veksthus, vert det rekna 50% gebyr som for næringsbygg.		
For innreiing av råbygg vert det rekna 25% av gebyr for næringsbygg		

**3.4 Tiltak/ending på eksisterande bygning/anlegg inklusiv bruksending**

Kode	Type tiltak	Gebyr
3.4.1	Hovudombygging (ves. ending/rep. av tiltak under pkt.3.3. )	50 % av satsane i kap.3
3.4.2	Mindre ombygging/fasadeending bustad (levegg, terrasse o.l.)	1.2B
3.4.3	Vesentleg fasadeending på bustad/garasje/fritidsbustad o.l.	1.4B
3.4.4	Større fasadeending næringsbygg o.l.	2.9B
3.4.5	Bruksending til anna føremål enn bustad/fritidsføremål	50 % av satsane for næringsbygg eller liknande
3.4.6	Bruksending frå anna føremål til bustad/fritidsføremål	50% av satsane for bustad-føremål eller liknande
3.4.7	Samanføring av bueining (frå kode 112 til kode 111)	2,5B
3.4.8	Bruksending frå tilleggsdel til hovuddel innafør ei brukseining.(t.d. innreiing loft/kjellar)	2.5B
3.4.9	Pipe og eldstad pr. stk.	1B
3.4.10	Mindre antennesystem (inntil 5 m)	1.4B
3.4.11	Varmeanlegg, ventilasjonsanlegg, kuldeanlegg og varmepumper	1.1B
3.4.12	Automatisk brannvarslingsanlegg	1.1B
3.4.13	Personheis, vareheis m/ persontrafikk, trappeheis, vareheis, rulletrapp o.l	1.5B

**3.5 Skilt og reklame**

Kode	Type tiltak	Gebyr
3.5.1	Frittstående skilt/reklameinnretning, fasadeskilt og uthengsskilt	1.4B
3.5.2	Skiltplan	2.5B

**3.6 Kai, flytebyggje og molo**

Kode	Type tiltak	Gebyr
3.6.1	Kai, flytebyggje (mindre anlegg <15 m <sup>2</sup> , Pbl §20-2b)	1.6B
3.5.2	Kaianlegg, molo, båthamn, flytebyggje (større anlegg, Pbl §20-2a)	4.4B

**3.7 Andre konstruksjonar og anlegg, terrengingrep m.m.**

Kode	Type tiltak	Gebyr
3.7.1	Innhegning eller skjermvegg	1.5B
3.7.2	Støttemur t.o.m. 2.5 m høgde	2.2B
3.7.3	Støttemur over 2.5 m høgde	3.7B
3.7.4	Terrengarbeid mindre enn 1 dekar	3.7B
3.7.5	Terrengarbeid/massedeponi mellom 1-10 dekar. Tillegg på 1B for kvar 10 dekar som er omsøkt	4.1B
3.7.6	Privat parkeringsplass/intern veg eiga tomt	1.1B
3.7.7	Felles parkeringsplass (inntil 10 bilar)	2.2B
3.7.8	Større parkeringsplassar, parkeringshus/anlegg og liknande	4.4B



3.7.9	Gangbru/kulvert og mindre veganlegg	4.1B
3.7.10	Køyrebru/kulvert og liknande	4.5B
3.7.11	Ny avkøyrseil til offentleg veg	2.2B
3.7.12	Større veganlegg (Offentlege veganlegg som er avklart i reguleringsplan/utbyggingsplan er fritatt frå gebyr).	6B
3.7.13	Antennesystem h> 5m, mobilstasjon, basseng, busskur, rømmingstrapper, leikeplassar, ballbingar, bretttrampar, sykkelbanar, endring av takkonstruksjon (som ikkje fører til auke i målverdig areal)	2.2B
3.7.14	Opne anlegg for idrett (t.d. banar utan bygning/tribune)	4.4B
3.7.15	Større tekniske anlegg som opparbeiding av bustadfelt, næringsareal, kommunaltekniske anlegg i sjø og grunn, felles private eller offentlege VA-anlegg m.m.	4.4B
3.7.16	Innretning for uteservering	3.8B
3.7.17	Mellombels/flyttbare tiltak som campingvogn, telt, tivoli, sirkus o.l.	1.8B
3.7.18	Påslepp til offentleg vass/avløpsleidning pr. bygning	1.2B

### 3.8 Riving næringsgruppe A-Y

Kode	Type tiltak	Gebyr
3.8.1	Riving av bygning under 50 m <sup>2</sup>	0.8B
3.8.2	Riving av bygning mellom 51-200 m <sup>2</sup>	2.2B
3.8.3	Riving av bygning mellom 201 -1000m <sup>2</sup>	3.2B
3.8.4	Riving av bygning over 1000 m <sup>2</sup>	4.7B
	Når søknad om tiltak også inneheld søknad om riving for oppføring av erstatningsbygg på same stad vert det ikkje teke gebyr for riving. Plan for avfallsdisponering lyt fylgja byggesøknad.	

### 3.9 Tilleggsgebyr og særskilte utrekningsreglar

Kode	Type tiltak	Gebyr
3.9.1	Stegvis sakshandsaming, ordinær sak	30 % tillegg av fullt gebyr
3.9.2	Stegvis sakshandsaming av større bustadprosjekt med meir enn 3 bueiningar	50 % tillegg av fullt gebyr
3.9.3	Stegvis saksbehandling av næringsbygg, institusjonar, off. bygg	50 % tillegg av fullt gebyr
3.9.4	Stegvis igangsettingsløyve pr. igangsetting utover 3 løyve	1B
3.9.5	Lokal og personleg godkjenning av ansvarsrett	1.2B
3.9.6	Reviderte teikningar (endring av ramme-/igangsettingsløyve)	1.5B
3.9.7	Ferdigattest for tiltak meir enn 6 år etter byggjeløyve er gjeve eller meir enn 2 år etter gitt mellombels bruksløyve.	1.7B
3.9.8	Mellombels bruksløyve pr. stk	0.4B

## **KAP 4. OPPRETNING AV GRUNNEIGEDOM/ AREALOVERFØRING MM**

Oppretting av ny grunneigedom, ny anleggseigedom eller nytt jordsameige, ny festegrunn, eller arealoverføring osv. jamfør pbl §20-2 b, jamfør §20-4d.

**Oppmålingsforretning må vera utført innan 3-år etter gjeve løyve, jamfør pbl §21-9. Fornyng av løyve skal handsamast som ny søknad og då etter vanleg regulativ. Tiltak i strid med arealplan krev dispensasjon. Dispensasjonsgebyr etter kap.5 kjem i tillegg til gebyr etter kap.4.**

### **Grunnbeløp 1B=kr.2770,-**

Kode	Type tiltak	Gebyr
4.1	Arealoverføring/oppretting av grunneigedom i kommuneplan	3B
4.2	Frådeling av kvar av dei påfølgjande parsellane/arealoverføringane i same søknad og eigedom, og i same arealføremål i kommuneplan	1,5B
4.3	Arealoverføring/oppretting av grunneigedom reguleringsplan/utbyggingsplan	2B
4.4	Frådeling av kvar av dei påfølgjande parsellane/arealoverføringane i same søknad og eigedom, og i same arealføremål i reguleringsplan	1B
4.5	Arealoverføring/justering, små areal til garasje, parkering mm der areal er innafor 20 % av avgjevar-/mottakareigedom. Dette kan likevel ikkje overstiga 250 m <sup>2</sup>	1.2B
4.6	Endring av gjeve løyve innan 3 år 50% av ordinært gebyr	

## **KAP 5. SØKNAD OM DISPENSASJON**

Søknad om dispensasjon, jfr.pbl§19-2.

Kode	Type tiltak	Gebyr
5.1	Søknad om dispensasjon som krev uttale frå anna mynde og handsamast i utval for areal og samferdsel.	5B
5.2	Søknad om dispensasjon frå føresegner, arealplan eller anna som <u>ikkje</u> krev offentleg høyring, men likevel avklaring i politisk utval.	2B
5.3	Søknad om bagatellmessig dispensasjon frå føresegner, arealplan eller anna som ikkje krev offentleg høyring, som kan handsamast administrativt.	1.2B
5.4	Søknad om dispensasjon som krev offentleg høyring, men som kan handsamast administrativt	3B
5.5	Mellombels dispensasjon	2B

## **KAP 6. UTSLEPPSLØYVE**

Handsaming av søknad om sanitært utslepp frå avlaupsanlegg

### **Grunnbeløp 1U=kr.2720,-**

Kode	Type tiltak	Gebyr
7.1	Søknad om utsleppsløyve < 50 pe (lokal forureiningsforskrift)	2U
7.2	Søknad om utsleppsløyve > 50 pe (sentral forureiningsforskrift)	4.5U
	Ved samtidig søknad om utslepp i byggjesøknad vert det rekna 50 % av gebyr i pkt. 7.1/7.2. I tillegg kjem ordinært gebyr for byggjesøknad.	
7.3	Tilsyns- og kontrollgebyr for separate avlaupsanlegg	0.15U

## **KAP 7. OPPMÅLINGSTENESTER/KARTTENESTER/EIGARSEKSJONERING**

**Grunnbeløp 1G=3485,-**

### **7.1 Oppretting av matrikkeleining**

#### **Oppretting av grunneigedom og fest grunn**

Kode	Type tiltak	Gebyr
7.1.1	areal frå 0-350 m <sup>2</sup>	4.3G
7.1.2	areal frå 351-2000 m <sup>2</sup>	7.2G
7.1.3	areal frå 2001-10000 m <sup>2</sup>	10G
7.1.4	areal frå 10001-25000 m <sup>2</sup>	13G
7.1.5	Areal frå 25001 m <sup>2</sup> . I tillegg kjem kr. 0.5G pr. påbyrja hektar over 25001 m <sup>2</sup> , men maksimalt 16,7G	0.5G+13G
I saker der alle grenser er målt med nyare landmålingsmetodar og koordinatfesta i matrikkelen og feltarbeid ikkje er naudsynt skal gebyret reduserast med 35 %.		

#### **Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn.**

Kode	Type tiltak	Gebyr
7.1.6	Gebyr pr. ny matrikkeleining	1.8G
I tillegg kjem ev. utlegg til kunngjeringar. Ev. undersøkingar i marka vert fakturert etter medgått tid.		

#### **Oppmåling av uteareal pr. eigarseksjon**

Kode	Type tiltak	Gebyr
7.1.7	Pr. eigarseksjon	3G

#### **Oppretting av anleggseigedom**

Gebyr som for oppretting av grunneigedom

Kode	Type tiltak	Gebyr
7.1.8	Volum 0-2000 m <sup>3</sup>	7.2G
7.1.9	Volum 2001 m <sup>3</sup> – auke pr. påbyrja 1000 m <sup>3</sup>	0.5G

#### **Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning**

Kode	Type tiltak	Gebyr
7.1.10	Etter søknad kan ny matrikkeleining opprettast før oppmålingsforretning er fullført, jamfør forskrift §25. Gebyr etter pkt. 7.1.1-7.1.9, samt tilleggsgebyr pr. matrikkeleining	0.6G

#### **Registrering av jordsameige**

Kode	Type tiltak	Gebyr
7.1.11	Fakturert etter medgått tid, minimum 2 timar	

### **7.2 Arealoverføring**

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dokumentavgift gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneføremål.

#### **Grunneigedom, fest grunn og jordsameige**

Kode	Type tiltak	Gebyr
7.2.1	areal frå 0-150 m <sup>2</sup>	2G
7.2.2	areal frå 151-350 m <sup>2</sup>	4.0G
7.2.3	areal frå 351-2000 m <sup>2</sup>	7.0G

7.2.4	areal frå 2001-10000 m <sup>2</sup>	10G
7.2.5	areal frå 10.001-25.000 m <sup>2</sup>	13G
7.2.6	Areal frå 25001 m <sup>2</sup> . I tillegg kjem kr. 0.5G pr. påbyrja hektar over 25001 m <sup>2</sup> , men maksimalt 16,7G	0,5 G + 13G
I saker der alle grenser er målt med nyare landmålingsmetodar og koordinatfesta i matrikkelen og feltarbeid ikkje er naudsynt skal gebyret reduserast med 35 %		

### Anleggseigedom.

For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna - ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan berre overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanføring er til stades. Matrikkeleininga skal utgjera eit saman-hengande volum.

Kode	Type tiltak	Gebyr
7.2.7	Volum frå 0 m <sup>3</sup> - 250 m <sup>3</sup>	1.7G
7.2.8	Volum frå 251 m <sup>3</sup> – 1000 m <sup>3</sup>	3G
7.2.9	Volumoverføring pr. nytt påbyrja 1000 m <sup>3</sup> fører til auke av gebyret på:	1.4G

### 7.3 Grensejustering

Ved grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5 % av eigedomen sitt areal. Ein eigedom kan ikkje gje areal som i sum overstig 20 % av eigedomen sitt areal før justeringa. For veg- eller jernbaneformål kan andre arealklasser gjelde for grensejustering.

Grensejustering krev klarlagde grenser. For klarlegging av grenser etter pkt. 7.4 som må utførast samstundes med grensejusteringa vert det å betala 50 % av gebyret i pkt. 7.4 i tilllegg til gebyret i pkt. 7.3.

### Grunneigedom, festegrund og jordsameige.

Kode	Type tiltak	Gebyr
7.3.1	areal frå 0 m <sup>2</sup> - 150 m <sup>2</sup>	1.5G
7.3.2	areal frå 151 m <sup>2</sup> – 350 m <sup>2</sup>	3G
7.3.3	Areal frå 351 m <sup>2</sup> -1000 m <sup>2</sup>	4.4G
	I saker der alle grenser er målt med nyare landmålingsmetodar og koordinatfesta i matrikkelen og feltarbeid ikkje er naudsynt skal gebyret reduserast med 35 %.	

### Anleggseigedom.

For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av anleggs-eigedomen sitt volum. (maksimalgrensa er satt til 1000 m<sup>3</sup>)

Kode	Type tiltak	Gebyr
7.3.4	Volum frå 0 m <sup>3</sup> - 250 m <sup>3</sup>	1.8G
7.3.5	Volum frå 251 m <sup>3</sup> -1000 m <sup>3</sup>	3G

### 7.4 Klarlegging

#### Klarlegging av eksisterande grense som er tidlegare koordinatbestemt ved oppmålingsforretning.

Kode	Type tiltak	Gebyr
7.4.1	Oppmøte inkl. 2 grensepunkt	0.7G
7.4.2	For overskytande grensepunkt, pr. punkt	0.14G

Ved klarlegging som vert utført i samband med grensejustering vert gebyret redusert med 50%.

#### Klarlegging av eksisterande grense som ikkje er tidlegare koordinatbestemt/eller klarlegging av rettar.

Kode	Type tiltak	Gebyr
7.4.3	Oppmøte inkl. 2 grensepunkt	0.9G
7.4.4	For overskytande grensepunkt, pr. punkt	0.3G

Dersom alle grensepunkta på førehand er funne og avklara av involverte partar, vil det bli fakturert etter pkt. 7.4.1/7.4.2. Klarlegging av rettar vert fakturert etter medgått tid.

Fører klarlegginga til eit ynskje om grensejustering, og dette kan utførast i same oppmålingsforretning, vert det å betala 50 % av gebyret i pkt. 7.4 for grensepunkt som inngår i grensejusteringa, i tilllegg til gebyret i pkt. 7.3.

Klarlegging av eksisterande grense skal ikkje overstiga gebyret for frådeling av tilsvarande ny matrikkeleining .

### 7.5 Privat grenseavtale

Kode	Type tiltak	Gebyr
7.5.1	Arbeidet vert fakturert etter medgått tid, minimum 2 timar	

### 7.6 Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka

Kode	Type tiltak	Gebyr
7.6.1	Der rekvirenten under saka sin gang, gjer endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka, vert likevel gebyret oppretthalde.	

### 7.7 Utskriving av matrikkelbrev.

Maksimalsats vedtatt av Statens kartverk. Endring i maksimalsats vert regulert av Statens kartverk i takt med den årlige kostnadsutviklinga

Kode	Type tiltak	Gebyr
7.7.1	Matrikkelbrev inntil 10 sider	175,-(2016)
7.7.2	Matrikkelbrev over 10 sider	350,-(2016)

### 7.8 Samanslåing

Kode	Type tiltak	Gebyr
7.8.1	Samanslåing er gebyrfritt, men det vert rekna gebyr for Matrikkelbrev etter samanslåinga etter pkt.7.7.1/7.7.2.	

### 7.9 Eigarseksjonering

Kode	Type tiltak	Gebyr
7.9.1	Eigarseksjonering (til og med 4 seksjonar) Over 4 seksjonar vert det eit tillegg på 500,- pr seksjon Ved synfaring vert det eit tillegg på timesats x 2 (sjå pkt.1.7)	5000,-
7.9.2	Reseksjonering (reseksjonering utover 5 timar kjem tillegg på timesats inn, time for time.)	5000,-
7.9.3	Oppheving/sletting av seksjonar, timesats x 1 (sjå pkt.1.7)	
7.9.4	Pålegg om reseksjonering etter §22 i eigarseksjonslova, timesats x 2 (sjå pkt.1.7)	
7.9.5	I tillegg kjem tinglysningsgebyr Tinglysningsgebyr kan verta justert.	

Maksimalgebyr pr. seksjoneringsak er sett til 20000,-  
Eksklusive uteareal til eigarseksjonar. Sjå 7.1.11

### 7.10 Kjøp av digitale kart

Kode	Type tiltak	Gebyr inkl. mva
7.10.1	Kart til plan, prosjekterings- og dokumentasjonsarbeid (etter geovekstavtalen) minimum	1246,-
7.10.2	Utlevering av digitale plankart minimum	1246,-

### 7.11 Plan-, bygnings- og eigedomsinformasjon

Kode	Følgjande produkt vert levert til sjølvbetjente nettportalar administrert av ulike forhandlarar (t.d. Ambita, Proconet eller Norkart). Desse bestemmer sjølv prisane ut i marknaden. <b>Ved leveranse frå kommunen utanom dei sjølvbetente nettportalane tilkjem eit adm. gebyr kr.80,-pr leveranse</b>	Gebyr inkl.mva
7.11.1	Tinging av full søknadspakke byggje-/delesak (aktuelle skjema, plankart, føresegner, naboliste, situasjonskart)	550,-
7.11.2	Tinging av liten søknadspakke byggje-/delesak (naboliste, situasjonskart)	240,-
7.11.3	Meklarpakke bebygd eigedom	1990,-
7.11.4	Meklarpakke ubebygd eigedom	1330,-
7.11.5	Vegnettinformasjon	230,-
7.11.6	Oppmålingsstatus	230,-
7.11.7	Eigedomskart	200,-
7.11.8	Planstatus	390,-

7.11.9	Eigedomsskatt og feiing/brannsyn	310,-
7.11.10	Legalpant	160,-
7.11.11	Bygningsopplysningar	230,-
7.11.12	Målebrev (skyldskiftedokument)	200,-
7.11.13	Naboliste	200,-
7.11.14	Utsnitt av kommuneplan	230,-
7.11.15	Utsnitt av reguleringsplan	310,-
7.11.16	Reguleringsføresegner	200,-
7.11.17	Godkjende bygningsteikningar	310,-
7.11.18	Pålegg frå bygningsmynde	230,-
7.11.19	Brannvernpålegg	230,-
7.11.20	Vedtekter frå seksjonssameiga	200,-
7.11.21	Pålegg i seksjoneringssak	100,-
7.11.22	Mellombels bruksløyve og ferdigattest	200,-

## KAP.8 LEIGESATSAR KOMMUNALE KAIANLEGG

**8.1** Ved utleige skal det inngåast ein avtale med Bømlo kommune som skal avklara tidspunkt og opphøyr av leigeperiode.

Kode	Type tiltak	Døgnleige	Vekeleige	Månadsleige
8.1.1	Båt opp til 30 fot	Kr. 250,-	450,-	1300,-
8.1.2	Båt frå 31 til 50 fot	Kr. 450,-	650,-	1900,-
8.1.3	Båt frå 51 til 70 fot	Kr. 650,-	850,-	2500,-